



## Referat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Fitjar rådhus, kyrkjekontoret  
**Dato:** Torsdag 19. april 2018  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Møtenr.:** 3/18

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskild innkalling.

### Faste medlemmer som har møtt:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Sigrid Marie Fangel	Leiar
Gunnvald Aarbø	Nestleiar
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Fridleif Lydersen	Sokneprest <b>Ord for dagen.</b>
Harald Rydland	Kyrkjeverje

### Forfall:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Helga Olsen Aadland	Medlem
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant

### Varamedlemmer som møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>

### Varamedlemmer som ikke møtte:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon</b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

### Sakliste:

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-19/18	Arrangement i kyrkja sin regi	
S-20/18	Årsplan for kyrkjelyden	
S-21/18	Nytt trussamfunn	
S-22/18	Referat frå sist møte	
S-23/18	Meldingssaker	
S-24/18	Open post	<ul style="list-style-type: none"><li>- gudstenesteplan haust 2018</li><li>v/ sokneprest Fridleif Lydersen</li><li>- musikalsk komité v/Rasmus Fitjar</li></ul>

### Sak 19/18: Arrangement i kyrkja sin regi

#### Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

#### Behandling i Fitjar sokneråd 19. april 2018:

##### Arrangement som er gjennomført:

- Tårnagentane, positiv evaluering. Gjennomføring saman med borna si påskefeiring helga etter påske og med servering av pizza vart velukka. Astrid Prestbø hadde hovudansvaret.
- Årsmøtet gjekk bra.

##### Arrangement som skal gjennomførast:

- 'Båten' (10-11 år) vert 26. mai. Astrid Prestbø kan koordinera det med hjelp av ein foreldrekomité.
- Fest for konfirmantane 6. mai er under kontroll. Eventuelt vurdera neste år å ha festen igjen på ein onsdag, men ei og ei halv veke før konfirmasjonen.
- Konfirmasjon vert 12. og 13. mai
- Det vert gudsteneste 17. mai
- Diakoninemnda arrangerer tur til Sveio 30. mai. Påmelding i kundetorget.

#### Vedtak (samrøystes):

Soknerådet tek meldingane om arrangement i kyrkja sin regi til orientering.

### Sak 20/18: Årsplan for kyrkjelyden

#### Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

#### Behandling i Fitjar sokneråd 19. april 2018:

Leiar for soknerådet Sigrid M. Fangel gjekk gjennom dei ulike inndelingane for kvart verksemdområde og nytta gudstenesta som eit døme. Det vert orientert om at ein treng ny klokkar og eventuelt ein fast reserve klokkar. Det vart uttrykt ynskje om å nytta musikkband ved nokre gudstenester som til dømes når organisten har frihelg og å oppretta ein musikalsk komité. Sindre Aarbø er interessert i å vera med i trusopplæringa, men kan berre vera med inntil hausten. Det vart drøfta korleis ein kan få fleire aktivitetar for unge vaksne, dei over 18 år. Eit forslag var å knytta desse aktivitetane til bibel-/cellegruppene. Bodil Nesse vert medlem i diakoninemnda som representant for soknerådet. Rasmus



## DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Fitjar og Gunnvald Aarbø vil gjerne jobba med saker som gjeld kyrkja og gravplass, det vil sei dei sakene som tidligare hørde til Fellesrådet i kyrkja.

### Vedtak (samrøystes):

Det vart ein god drøfting med ulike innspel til planen, og soknerådet vil arbeida vidare med planen.. Soknerådet vil invitera organist Jan Overweg til neste møte 7. mai for ein diskusjon om oppretting av ein musikalsk komité og om musikk i kyrkja.

## Sak 21/18: Nytt trussamfunn i Fitjar

### Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding til vedtak i saka.

### Behandling i Fitjar sokneråd 19. april 2018:

Det vart klara opp i møtet at forsamlinga i Osternes Bedehus, som har møte kvar sundag kl. 11, er etablert som eit nytt trussamfunn under IMF, mens Indremisjonen i Fitjar Bedehus framleis tilhøyrer IMS som kyrkja alltid har samarbeid med.

### Vedtak (samrøystes):

Soknerådet drøfta saka og ynskjer samarbeid også med det nye trussamfunnet.

## Sak 22/18: Referat frå sist møte

### Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 22. mars 2018.

### Behandling i Fitjar sokneråd 19. april 2018:

Referatet frå møte den 22. mars 2018 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare. Det endelige referatet er å finna på heimesida til Fitjar kyrkje. Denne lenka fører fram til referatet: <https://kyrkja.no/globalassets/fellesrad/fitjar/diverse/motereferat-s2--22032018.pdf>

### Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.

## Sak 23/18: Meldingssaker

### Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

### Behandling i Fitjar sokneråd 19. april 2018:

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

#### 1. Status for tilsetjing i ledige stillinger

Stillingane som sokneprest og kyrkjelydsprest i Fitjar er lyst ut no.  
Rektor ved MF skal hengja opp ein plakat med utlysning av barne-/ungdom-/kyrkjelydpres i Fitjar.

#### 2. Vårdugnad på kyrkjegården 21. og 28. april

Er kunngjort i kyrkjelydsbladet og i våpenhuset i kyrkja.

### Vedtak (samrøystes):

Som framlegg.



**Sak 24/18:** [\*\*Open post\*\*](#)

Gudstenesteplan for hausten 2018 v/Fridleif Lydersen

Sokneprest Fridleif Lydersen gjekk gjennom forslaget til gudstenesteplan for hausten 2018. Han bad om innspel frå soknerådet, men det kom ingen kommentarar. Gustenesteplanen vert lagt fram på neste møte for godkjenning.

Musikalsk komité v/Rasmus Fitjar

Einig om å drøfta det med organist Jan Overweg i neste møte.

**Signering:**

**Sekretær** .....

**Leiar** .....